

Tor Eivind Nybø
Odlandsveien 38
5760 Røldal

18.10.18

Hydro Energi AS
V/ Jan Helge Mårdalen

Flaum i Røldalsvatnet 13.10 – 15.10.2018

Nått til søndag 14.10.18 kom det store nedbørmengder og kraftig overløp ifrå Valldals-magasinet som råka Røldal der elvar steig og Røldalsvatnet steig til langt over sine grenser.

Røldalsvatnet har lagt på øvre kote nivå 380 m, meir enn dei siste 14 dagane.

Fredag 11.10 ca. kl.15:00 vart det opna for tapping av Røldalsvatnet, lukene i Botnen. Då det var meldt store nedbørmengder i kommande helg. Nivået rakk aldri å synke før nedbøren slo inn.

Allereie her ser ein at dei er alt for seine med å klargjere seg for større vassmengder.

Ein må anta at Hydro Energi fører både nøyaktig nivåmåling på sine vassmagasin, har vêr, temperatur, nedbørsprognosar og anna nødvendige hjelpemiddel tilgjengeleg for å halde god kontroll på sine regulerte vassdrag. Det var vel verken ukjent for Hydro eller andre innbyggjarar av Norges land at det var meldt høge temperaturar for helga og store nedbørmengder. Det var og betydelege mengder med snø i fjella som smelta som eit resultat av veret denne helga.

Likevel så skjedde det atter ein gong at Røldalsvatnet gjekk utover sine vanlege bredder, og skapte kaos og flaum i dei tilstøytane områdene til vatnet. Det som er skremmande er at ein skal ikkje lenger tilbake enn til rundt 28.10 – 30.10.2014 at det same skjedde.

Det står beskrive i Overskjønnnet ifrå 1963 (Regulerings-skjønn Røldal-Suldal utbygginga) at:

Reguleringsreglement for Røldal – Suldal vassdraga.

Reguleringsgrense Røldalsvatnet, øvre kote 380 m , nedre kote 363 m.

Under flaum tappast det ifrå Røldalsvatnet slik at vasstanden ikkje vert høgare enn den ville ha stege under same tilsig før reguleringa.

Likeins står det og: Røldalsvatnet hadde ei kotehøgde på 378 m før det vart regulert. Etter reguleringa har det ei øvre kotegrense på 380 m , og nedre grense på 363 m.

Då er det i mitt hovud ikkje gjort dei nødvendig tiltak i forkant av ein varsla flaum / stor nedbørsperiode dersom vatnet framleis ligg på kotehøgde 380 m. Og som vidare aukar til over 382 m + under nedbørperioden. Dette vil då seie at ifrå gamalt av skulle vatnet ha auka med 4 meter under ein flaumperiode? Lite truleg.

Slik eg ser det så held ikkje Hydro seg innanfor reglane i heile tatt. 380 m er vel øvre kotehøgde uansett ver og føre. Det står det svart på kvitt. Så når dei vel å ikkje køyre ned vatnet i forbindelse med flaum og store vassmengder men let vatnet stige til langt over øvre kote, då held dei seg ikkje til det reglementet som er gitt i form av konsesjonen dei driftar etter.

Ein ser det at å leggje seg konstant i øvre sjikt av grensa, gjeng gale før eller seinare. Og detta får ingen konsekvensar for konsesjonæren.

Eg arbeidar sjølv i oljebransjen, og der er eg vant til at ein jobbar innanfor ein gitt risikomargin/risikofaktor og ikkje alltid på feil side av grensa. HMS vert brukt så fint i gitte anledningar der det ikkje nødvendigvis treng å koste så mykje. Men kva med S for sikkerheita til innbyggjarane i Røldal? Er det slik konsesjonæren ynskjer å framstilla seg sjølv for framtida og?

Kva med drikkevandet i Røldal som vart forureina, og som framleis er det. Alle i Røldal må koke vatnet sitt som resultat av dette. Og for å ikkje nemna at heile transformatoren til pumpestasjonen stod i vatn og var i fare for å havarere. Dette er vel og ting som skulle vore unødvendig.

Men ordlyden ifrå den lokale styringa er at vervingselet slo feil! Javel, det har vel og skjedd før og kjem til å skjje igjen. Skal ein då skulde på dette kvar gong eller skal ein leggje seg på ein margin der ein har kontroll?

Det kan synast at Hydro Energi ikkje har dei nødvendige beredskapsplanane for å takla slike situasjonar, då det no har oppstått 2 flaum situasjonar på 4 år.

Var Energi kontroll og SJA utarbeidd i forkant av denne operasjonen? Var dette ein kalkulert risiko der alt var under kontroll? Nei dette vitnar om inkompetanse og mangel på gode nok retningslinjer og prosedyrar.

Etter min tankegang skulle ein då tru at det var naturleg å halda vasstanden på 378 m eller evt. underkant i forkant av ein varsla flaum / stor nedbørsperiode og varsla høge temperaturar. 380 m er maks uansett.

Med tanke på tilsig til vatnet før utbygginga så var den meir konstant (*sjølvsagt påverka av nedbøren*), mot at no rant magasinet over ifrå Valldalen og Votna begynte so smått med overløp sundagskveld. Dette resulterte i ei brå, kraftig auke i vassføringa mot bygda og vatnet.

Dersom nedbøren hadde halde fram ei natt til og Votna hadde fått fullt overløp, korleis hadde det då sett ut i Røldal?

Då det synest at berre overløp i Valldalen var nok til å skapa ein flaum situasjon.

Noko fortel meg at her har Hydro gambla litt for lenge, og mista kontrollen. Det har kome meg for øyra at Hydro var ute på ulike plassar under laurdags natta for å opne / stengje bekkar og elva luker. Dette minner heller ikkje om ei kontrollert drift av anlegget, snarare tvert i mot.

Dette såg ein og tilbake i 2014, då vart ein og for sein med å opna lukene i Botnen, og andre plassar. Er ein villige til å gamble med folk sine husstandar, eigedommar og helsa til folk på denne måten?

No er det andre gong for min del at eg får vann inntrenging i kjellaren på huset mitt som resultat av Hydro sin dårlege vass-styring. Ein skulle tru at med å ha eit regulert vassdrag til nabo, så var det vel akkurat det ein skulle sleppa og at det skulle vera både tryggheta og fordelene med å ha vassdraget regulert.


Eg er ikkje ute etter verken syndebukk eller å ta nokon i den forstand, men eg er heller ikkje interessert i at dette skal vere kvardagen vår i Røldal i framtida. At ein skal bli eit offer for at det gamblast på å halde nivået i vatnet høgast mogleg, lengst mogleg. Alt på grunn av kroner og øre.

Det kostar forsikringselskapa og privatpersonar, men Hydro skal kunne kome seg unna kvar gong. Det bør det bli ei endring på.

Vonar at det kan verte ei snarleg løysing på dette som gjer det trygt å bu på Fjetland som nærmaste nabo til kraftstasjonen i Røldal.

Forventar at dette blir tatt tak i.

Med helsing



Tor Eivind Nybø

Kopi: NVE, Odda Kommune